



Uskedalen er i høgaste grad ei bygd med mange lag og foreningar, men likevel er det plass for fleire. Såleis har bygda i haust fått ein viktig og interessant tilvekst - sitt eige turlag. Gründarane Anita Enæs og Magnhild Haugland opplysar til uskedalen.no at det snart har 200 medlemmer, Det har hatt to turar og i november vert tur nummer tre arrangert - i Eikedalen.

Det er ikkje berre meint som eit turlag, det er også eit turlag med nogo attåt, for å låna eit gudbrandsdalsk moteuttrykk frå førre århundret. Det får vi eit døme på i kveld då turlaget har samla medlemmene til oktoberfest i Helgheimkjellaren. Mat, drykk og song står på programmet og gründarane lovar også overraskingar.

Festen har 50 deltakarar og førebels observasjonar tyder på at dei kjem til å få det svært festleg.

Det vil sikkert også bli sagt noko vakkert om dei to kreative eldsjelar og nytenkjarar som fekk laget igang og som over er fotografert saman med eit styremedlem. Ho er lettare anonymisert men heiter Linda Eide.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen